

# Notat

---

Går til: Styremedlemmer  
Føretak: Helse Vest RHF  
Dato: 15.07.2010  
Frå: **Administrerende direktør**  
Sakhandsamar: **Ivar Eriksen**  
Saka gjeld: **Statens eierberetning 2009**

**Arkivsak**

2010/365

**Administrerende direktør si orientering pkt 3**  
**Styresak 087/10 O**

**Styremøte 01.09. 2010**

---

Nærings- og handelsdepartementet publiserte i juni dokumentet "Statens eierberetning 2009", som omhandlar forvaltninga av det statlege eigarskapet. Dokumentet gir ein oversikt over eigarsaker staten har handtert og den økonomisk utvikling og styresamansetting i 53 selskap der staten sitt eigarskap blir forvalta direkte av departementa. Dokumentet tar sikte på å bidra til auka kunnskap om departementa sitt arbeid med forvaltninga av eigarskapet og om dei enkelte selskap.

"Statens eierberetning 2009" er delt i to. Del ein inneheld oversiktar for året som har gått og artiklar knytt til det statlege eigarskapet. I del to er det gitt ein omtale av kvart selskap. Dei regionale helseføretaka er omtala på side 97 – 101.

I omtala av viktige hendingar i Helse Vest er det peikt på at 2009 var eit krevjande, men innhaldsrikt år der ein kan vise til positive resultat innanfor ulike område som økonomi, pasientbehandling, forskning, strategi, IKT, innkjøp og organisasjonsutvikling.

Det er vist til at føretaksgruppa i 2009 har hatt fokus på å heve kvaliteten på tenestene, og at det er starta opp prosjekt med mål om å redusere ventetidene til behandling. I tilknytning til dette blir det også vist til at det er gjennomført fleire regionale prosjekt innanfor dei fire hovudområda kunnskap, pasientfokus, pasienttryggleik og måling av resultat. I tillegg blir satsinga på rusbehandling og fokus på psykisk helsevern for barn og unge og rehabilitering og habilitering trekt fram.

I omtalen heiter det også at det gode resultatet for 2009, i tillegg til det driftsgrunnlaget som er blitt lagt dei siste åra, gjer at Helse Vest har eit godt utgangspunkt for åra som kjem.